

KYRKJEBLAD FOR ÅL



PÅSKEDAG / MISJONSPROSJEKT I SENEGAL / TÅRAGENTHELG
SOMMARTUR / INTERNASJONAL FROKOST / LYSTENNINGSPLASS FOR BARN

NR. 2 | 2019 | 60. ÅRGANG



Foto: Tor Sletten

«Kom, for alt er ferdig» heter det i nattverdliturgien. Bordet er dekket. Et måltid hvor vi minnes Jesu lidelse og død. Jesus betalte en høy pris for at vi skal oppleve påskeevangeliets budskap: Jesus lever, graven brast! - Uten Langfredag, ingen Påskedag. Uten alvor, ingen glede. Derfor følger Påskelovsangen naturlig: *Vær glad, du Guds kirke, smykket av lysets stråler, så også dette hus kan gjenlyde av folkenes mektige lovsang.»*

ARNE JENSEN

Det har jeg aldri gjort før, så det klarer jeg helt sikkert

Jeg tenker ofte på hvordan vi forvalter skaperverket. Livsgrunnlaget for mennesker, dyr og planter er i endring. Vi rammes av katastrofer og klimaendringer. I Sverige har både Aftonbladet og Expressen kåret 16 år gamle Greta Thunberg til årets kvinne. Mange har fått med seg denne unge miljøaktivistens engasjement, som startet med skolestreik for klimaet. Juryens begrunnelse er bl.a. at hun gir en stemme til en hel generasjon som krever å få en framtid. Av en eller annen grunn får hun meg til å tenke på Pippi Langstrømpe. Astrid Lindgren beskrev Pippi som en uvanlig og kontroversiell jente. Greta er også en uvanlig jente. Omstridt er hun også. Jeg synes hun er tøff! Jeg synes også hun er modig.

Hvilke tanker får du når du hører ordet mot? Bibelens historie om Davids kamp mot kjempen Goliat kjenner de fleste, og handler blant annet om mot og tapperhet. I filosofien og litteraturen kan en lese at mot er viljen til å handle for å oppnå et mål, og er en persons evne til å være modig og uredd. Og ikke minst; å våge utfordre seg selv til tross for at handlingen kan utløse blant annet angst eller frykt, smerte og risiko. Begrepet knyttes gjerne til selvtillit. Selvtillit handler da om hvilken verdi vi tillegger oss selv. Og selvfølgelig, hvilken tro vi har på oss selv i forhold til det vi gjør og får til. Det er godt å ha selvtillit i krevende situasjoner. Spesielt når man skal utføre en stor og utfordrende oppgave.

Når jeg tenker på meg selv som 16 åring, ser jeg også for meg en aktivist. Men ikke slik som Greta. «Nei til atomvåpen» ble mitt engasjement, og jeg skrev sang om at Sovjet invaderte Afghanistan. Jeg ønsket en fremtid, men var usikker på om jeg fikk det. Motet til Greta hadde jeg imidlertid ikke. Jeg gav aldri stemme til min generasjon, og jeg ble aldri kåret til årets kvinne.

Det er lenge siden 1981. Har det blitt bedre? Vel, i dag anbefaler Statens strålevern at alle under 40 år har jod-tabletter tilgjengelig hjemme. En stadig endring i verdens trusselbilde, samt en foreldelse av Europas kjernekraftverk, gjør nemlig sitt til at faren for

atomulykker øker. De over 40 år trenger ikke jod-tabletter fordi risikoen for å få seneffekter som kreft i skjoldbruskkjertelen er svært liten for dem. Men jeg er skeptisk. Og kjenner jeg nesten blir Tone 16 år igjen. Men det er en forskjell. Når jeg nå ønsker meg mot til å handle er det fordi det også gjelder mine barn og barnebarns fremtid. Jeg vil gjerne være med å skape oppmerksomhet og engasjement mot global oppvarming og verdens atomtrussel. Jeg vil bli en bestemoraktivist! For vi må ta oppgaven vi har fått med å forvalte skaperverket til beste for jord og mennesker på alvor. Helst sammen med de unge. Jeg må bare mobilisere motet mitt først.



Av Tone Idunn Kjerland Anthun

Arr. B-karad'n
www.bekarweb.no

B-karad'n
sin tradisjonsrike
PÅSKEKONSERT

Onsdag 17.april 2019, kl. 19.00
Ål Kyrkje
Pris: 200 kr./ voksen – Barn gratis.

Per Ove Nybråten bind det heile saman med tekstlesing.

KYRKJEBLAD FOR ÅL

REDAKSJONSKOMITÉ Tone Idunn Kjerland Anthun • Arne Jensen • Olav O. Moen
BANKGIRO 2320.20.70272 | ADRESSE Postboks 140, 3571 Ål | UTGJEVAR Leveld, Torpo og Ål sokneråd
GRAFISK PRODUKSJON Kreator, Torget 6, 3570 Ål, www.kreator.no

KYRKJA I ÅL

KYRKJEKONTORET Ope tysdag–fredag kl. 08.30–14.00 | Tlf. 32 08 61 61 | aal.kyrkje@hallingnett.no | www.aal.kyrkje.no
FUNG. PROST Arne Jensen | SOKNEPREST Vigdis Moen Storhaug | KYRKJEVERJE Kjellfred Dekko | SEKRETERAR Line Østro • Guro Stave
KANTOR Audun Flaen | MUSIKARAR Ingunn S. Lie • Håkon Tveito | DIAKON Hilde Kirkebøen | KYRKJELYDSPEDAGOG Kristine Giljebrekke Andersen | REINHOLDAR Rezene Habtom
KYRKJETENARAR Håkon Tveito • Per Hermann Kolsrud • Morten Storhaug | SOKNERÅDSLEIAR Einar Brattegard | FELLESRÅDSLEIAR Torfinn Slåtto

Påskedag

Nesten kvar gong det er gudsteneste i kyrkja feirer me nattverd. Forstår du kva som skjer når det er nattverd? Det gjer ikkje eg, iallefall ikkje fullt ut.



Av Johanne Marie Jordet

Men så tenkjer eg at det kanskje ikkje er så farleg om eg ikkje forstår. For kva er nattverden om det ikkje er ei GÅVE. Og gåver kan me ta imot, heilt uavhengig av forstanden.

Difor er noko av det finaste eg veit å sjå barna ved nattverden i gudstenesta. Sjå etter neste gong, når dei små strekker ut handa si i full lengde og med forventning tek imot brød og vin. Dette vil dei ha om dei forstår noko eller ei. Her er det noko spennande, noko konkret skjer midt i alle orda i kyrkja. Mange barn blir forundra over smaken på vinen, og brødet kjennes kanskje både tørt og rart i munnen. Likevel kjem dei att også neste gong det er nattverd. Dei vil ha denne gåva som er eit mysterium for oss alle. Her får vi Guds kjærleik og tilgjeving rett i magen.

Om få dagar skal me feire påske. Ein av dei raude dagane i påska er skjærtorsdag. For nokon er dette dagen for shopping i Sverige, men for dei fleste av oss her i Ål er det kanskje ein dag me håpar å kunne nyte på fjellet med sol, kvikkklunsj og kakao.

Bibelens skjærtorsdag er dagen der Jesus samla vennene sine for å ete påskemåltidet. Eit måltid som etter jødisk skikk, var til minne om då israellittane slapp ut av fangenskapet i Egypt.

Midt under dette måltidet løfta Jesus opp brødet. Alle trudde at no skulle han seie at dei skulle minnast brødet som vart bakt i all hast siste kvelden i Egypt. Men Jesus sa ikkje det. Han sa: "Dette er min kropp, eg gjev den for dykk." Og då han løfta begeret med vin, snakka han ikkje om blodet som vart smurt på dørkarmane i Egypt. Istaden sa han: "Dette er mitt blod, eg gjev det for dykk." Eg trur at heller ikkje læresveinane skjønnte så mykje akkurat då.

Kvifor gjorde Jesus dette? Kvifor sa han at dei skulle feire nattverd med desse orda? Kvifor skulle han, litt seinare same kveld, la seg arrestere og dømme til døden? Fordi det var difor Jesus kom til jord. No var tida hans komen. Han skulle dø for alt vondt menneska har gjort og kjem til å gjere, mot Gud og mot kvarandre, i fortid og framtid. Gud sin standard tillet berre det reine

og fullkomne. Ingen av oss er slik. Men Jesus levde eit feilfritt liv, og han gjekk i døden for oss slik at vi kan få ny kontakt med Gud. Jesus viste sin uendelege kjærleik ved å vere villig til å gå i døden for dei han elska.

Dette er vanskeleg å forklare, fatte og tru. Min forstand heng ikkje med. Like fullt vil eg som barna rekke ut handa mot nattverden og mot Jesu kjærleik og ta imot. I den åpne handa legg Jesus sitt liv, sin død og si oppstode. I den opne handa legg han si tilgjeving og sin kjærleik til meg og alle menneske. Eg håpa at du strekker ut handa di - velkommen til bords.

"Når vi deler det brød/den vin som du oss gir. Blir vår natt vendt til dag i din kjærlighets soloppgang. Å, Jesus, du er vårt liv."



Foto: Pixabay

Dei vil ha denne gåva som er eit mysterium for oss alle. Her får vi Guds kjærleik og tilgjeving rett i magen.



Mange set pris på trea som me let vekse på kyrkjegarden. Somme gonger må me rydde både av omsyn til plass og ikkje minst for å sjå til at ikkje vindfall skadar bygningar. Me har fjerna to store bjørker og fire sembrafuru ved Ål kyrkje. Det er også teke nokre andre tre nedover på kyrkjegarden. Ål kommune har hjelpt oss med arbeidet, og resultatet er svært bra!

Kjellfred Dekko, Kyrkjeverje i Ål



Takk!

Normisjon har i tre år hatt misjonsprosjekt i kyrkjelydane våre her i Ål med Nybrottsarbeid i Senegal. Fra årsskiftet overtok Himalpartner.

Eg vil gjerne få seie tusen takk! Tusen takk til alle dykk som har vore med og gjeve pengar til prosjektet og bedt for misjonsarbeidet i Senegal. Tusen takk til dykk som har vore faste gjevvarar. De blir automatisk overført til det nye prosjektet viss de ikkje gjev anna beskjed. Tusen takk til soknerådet som kvart år har hatt ansvar for kakelotteri på Haustmarkedet på Ålingen til inntekt for prosjektet. Til slutt, tusen takk til misjonsrådet som har teke ansvar for ulike arrangement. Til sammen har det kome inn kr.210 000.- som er sendt til Normisjon. Det er kjempebra!

Ingrid og Einar Amlie skreiv nyleg: *Det har vært utrolig fint å bli kjent med dere i Ål. Vi husker godt helga vi hadde der med dere og det*

har gjort at det har blitt en tettere tilknytning til dere enn mange andre menigheter som støtter Senegal. Takk for at dere har samlet inn så mye til dette arbeidet, men ikke minst takk for all bønn.

Og arbeidet i Øst-Senegal fortsett. Dei er godt i gang med eit samarbeid med handikapforbundet i byen dei bur i. Og dei håper etterkvart å få ei malinkekyrkje der også. No er det familien Amlie og familien Håland frå UiO som fortset arbeidet der. Og de må gjerne fortsetja med å vera med å be for og gje til arbeidet der og.

*Gunnvor Kreken
Normisjon sin representant
i misjonsrådet*



Foto: Ingrid Hagem

TÅRNAGENTHELG

I byrjinga av februar var 24 barn, konfirmantar og vaksne samla i kyrkja for å løyse oppdrag og mysterium. Laurdagen fekk ungane utforska kyrkja, klokkene og, ikkje minst, kyrkjetårnet. Alle turte gå opp i kyrkjetårnet, og dei som ville fekk blåse såpeboblar ut av gluggane. Ungane fekk også høyre om det nye misjonsprosjektet vi støtter i Nepal, og dei pynta muffins til søndagens kyrkjekaffi. Ute var det leik og moro, og servering av agentpølser og saft. Huskyen Tira var med som «kyrkjehund», noko ungane sat pris

på. På tårnagentgudstenesta søndag hadde borna fleire oppgaver. Dei var med i prosesjonen, bøner, lystenning og drama. I tillegg delte dei ut kjeksfisk og brød til alle for å vise forteljinga om brødunderet. Bibelveset i preika var skrive med tårnagentbokstavar, slik at tårnagentane måtte tyde koden. Helga blei avslutta med kyrkjekaffi med muffinsar i alle regnbogens fargar til stor glede for store og små.

*Tone Idunn K. Anthon/
Kristine G. Andersen*





Konfirmantar

fordelt på konfirmasjons- gudstenestene våren 2019

Torpo kyrkje 5.5 kl. 11.00

1. Marius Brunsell Ihler
2. Mathias Øvreengen Moen
3. Ragnhild Kristine Gåsterud
4. Syver Opheimsjorde

Ål kyrkje 12.5 kl. 11.00

1. Adrian Gansmo
2. Elias Medgard Skår
3. Helene Steinbråten Halvorsgard
4. Lina Sofie Kilde
5. Marius Gunhildgard Tveito
6. Sevat Tysse Gudbrandsgard
7. Torleif Alexander Sorteberglien

Ål kyrkje 1.6 kl. 10.30

1. Anders Bjørnson Fluto
2. Daniel Fjæran Opheim
3. Eirik Skrindo Danielsen
4. Henning Helling Gunhildgard
5. Jakob Magan
6. Oskar Granum
7. Rebecka Hauglie
8. Tarald Kaslegard Nordal
9. Victoria Hauglie
10. Åsne Skrindo Danielsen

Ål kyrkje 1.6 kl. 12.30

1. Birgit Trinrud
2. Guro Li Quan Thorsby Breie
3. Håkon Kaslegard
4. Ida Marie Breie
5. Julie Nyhus Økland
6. Jørgen Thoen
7. Sandra Søla Evjen
8. Tora Vestenfor
9. Vegard Turlid
10. Vetle Hvitsand

Leveld kyrkje 2.6 kl. 11.00

1. Helene Rust
2. Håkon Haug Grønnerød
3. Iselin Slåtto
4. Kristin Håheim
5. Narve Kverndal Veslegard
6. Tiril Annedotter Kyrkjedelen





Foto: Halne fjellstugu

SOMMARTUR TIL HALNE

Onsdag 12.juni inviterer Diakoninemdene i Ål, Torpo og Nordbygdene til sommartur.

I år går turen til Halne fjellstugu og i fotefara til Eivind Fredlaus. Me besøker grava hans i Hol på vegen, og Geirmund Tormodsgard vil ta oss med inn i saga om Eivind.

På Halne vil me få eit varmt måltid og god tid til informasjon og sjå oss rundt.

Påmelding til Ål kyrkjekontor:
32086161 innan 1.juni. Pris kr 300.
Buss frå Lienkrysset kl 10, Hallingmøbler 10.15 og Sundrehall kl 10.30.
Frå Nordbygdene køyrer me privatbilar ned til Hallingmøblar

*Hilde Kirkebøen
diakon*

INTERNASJONAL FROKOST 17. MAI

17.mai blir det internasjonal frokost på Kafé TID kl 9-11. Ta med ein liten matrett. KIA, Flyktingtenesta og Kafé TID samarbeider om arrangementet og stiller med drikke.

Velkommen!

*Hilde Kirkebøen
diakon*



Formiddagstreff Onsdagar vår 2019

Ål kyrkjestugu kl. 11-13

Onsdag 3.april.:

Andakt: Arne Lie

Tema: «Ein månad i flyktingeleir» Olaug Hoftun frå Gol fortel om sine erfaringar, tankar og opplevingar som frivillig i flyktingeleir i Hellas.

Onsdag 8.mai.:

Andakt: Willy Gryting

Tema: Tannhelse v/tannlege Olav Holdhus

Vats bedehus kl. 12-14

Onsdag 24.april kl.12.00

Andakt: Eirik Endresen

Tema v/ Eirik Endresen fortel om Den transibirske jernbanen

Onsdag 29.mai

Andakt og fele: Hilde Kirkebøen

Tema v/ Gunn-Britt Skarsgard: Mor si skjulte historie frå polititroppane under 2.verdskrig.

For meir info, sjå www.aal.kyrkja.no og annonse i Hallingdølen

Velkommen til Tro og Lys – Ål gruppa

Palmesøndag 14.april kl.11.00

Tur til Vats Fjellkyrkje

Mandag 29.april kl 17-19

Tro og Lys tankar
Ingvild Kaslegard

**Torsdag 30.mai Kristi Himmelfart
kl 17-19**

Tro og Lys jubileumsfest i kyrkja og kyrkjestugu

Open kyrkje Kvar tysdag kl. 8-14

Og kvar onsdag i fastetida
frå 6. mars.

Open kyrkje kl. 20-21.

Fastegudsteneste kl. 19.30-20.

Gravstell

Ål kyrkjelege fellesråd tilbyr gravstell på kyrkjegardane i Leveld, Torpo og Ål.

For at kyrkja kan ta på seg gravstell er det nødvendig at der er plantekasse som vist i illustrasjonen. Der er plantekasser i ulike størrelsar. Sjå avtaleskjema på www.aal.kyrkja.no

Frist for å teikne ny avtale om gravstell er 15. mai. Avtale teikna etter denne datoen trer i kraft året etter.



VI GÅR I KYRKJA

14.04.19 - Palmesundag

Ål kyrkje 11.00 Gudsteneste med Tru og lys gruppa frå Ål
Takkoffer: Kirkens bymisjon

Vats fjellkyrkje 11.00 Gudsteneste
Takkoffer: Vats fjellkyrkje

18.04.19 - Skjærtorsdag

Torpo kyrkje 11.00 Gudsteneste
Takkoffer: Torpo misjonsheim

Vats fjellkyrkje 11.00 Gudsteneste
Takkoffer: Vats fjellkyrkje

Sangefjell Naturkatedral

13.00 Gudsteneste
Ål kyrkje 19.00 Gudsteneste
Takkoffer: KIA

19.04.19 - Langfredag

Nystølskyrkja 12.00 Gudsteneste
Leveld kyrkje 19.00 Gudsteneste

21.04.19 - Påskedag

Leveld kyrkje 10.00 Høgtidsgudsteneste
Takkoffer: Misjonsprosjektet i Nepal
Ål kyrkje 11.00 Høgtidsgudsteneste
Takkoffer: Norsk søndagsskoleforbund
Nystølvodda på Opheimsåsen
12.30 Gudsteneste
Takkoffer: Kirkens bymisjon

22.04.19 - 2. påskedag

Kårstugu 11.00 Gudsteneste

28.04.19

Ål kyrkje 11.00 Misjonsgudsteneste
– Familiens påskedag
Takkoffer: Misjonsprosjektet i Nepal

05.05.19

Torpo kyrkje 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste
Takkoffer: Trusopplæringa i Ål

12.05.19

Ål kyrkje 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste
Takkoffer: Trusopplæringa i Ål

17.05.19 – 17. mai

Ål kyrkje 10.00 Gudsteneste
Takkoffer: Redd Barna

Torpo kyrkje 11.00 Gudsteneste
Takkoffer: Redd Barna

Leveld kyrkje 12.30 Gudsteneste
Takkoffer: Kirkens Nødhjelp

19.05.19

Ål kyrkje 18.00 Gudsteneste
Innsetting av prost Sveinung Hansen
Takkoffer: Institutt for sjelesorg,
Modum Bad

26.05.19

Ål kyrkje 11.00 Folkemusikk gudsteneste med
50-årskonfirmantar
Takkoffer: Leger uten grenser

30.05.19 – Kristi Himmelfartsdag

Torpo kyrkje 11.00 Gudsteneste
Takkoffer: Himalpartner

01.06.19

Ål kyrkje 10.30 Konfirmasjonsgudsteneste
Takkoffer: trusopplæringa i Ål

Ål kyrkje 12.30 Konfirmasjonsgudsteneste
Takkoffer: Trusopplæringa i Ål

02.06.19

Leveld kyrkje 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste
Takkoffer: trusopplæringa i Ål

Ål kyrkje 11.00 Gudsteneste
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

09.06.19 - Pinsedag

Ål kyrkje 10.00 Høytidsgudsteneste
Takkoffer: Den norske misjonsallianse
Leveld Kyrkje 12.00 Høytidsgudsteneste
Takkoffer: Åpne dører

DØDE

Ål:

24.01. Ragna Dalby f.1933
07.02. Ragnar Johan Ekse f.1934
13.02. Leila Pirkko Marita Asgrimplass
27.02. Gro O. Moen
25.02. Harald Haug
02.03. Jens Offerdal

Torpo:

13.02. Ingvar E. Dekko
02.03. Randi Hefte Jorde

DØYPTE

Leveld:

06.01. Marie Berget Ødelien
27.01. Mattis Skjauff Trinrud

Kyrkjesundag for eldre

Det blir kyrkjesundag for eldre i Torpo kyrkje den 30. mai kl 11,
Ål kyrkje den 2. juni kl 11 og Leveld kyrkje 9. juni kl 12.
Diakoninemnda ynskjer å legge til rette slik at fleire eldre kan kome til
kyrkja. Difor vil me stille opp med bilar og folk som kan hjelpe til.

Helsetunbussen vil òg gå til kyrkja denne dagen;
frå hovudinngangen/låvebru på Helsetunet.
Det blir enkel kyrkjekaffi etter messa.

Hilde Kirkebøen, diakon

Neste nr. av kyrkjebladet kjem ut tidleg i juni. Stoff til bladet må
leverast kyrkjekontoret/epost: tone-idunn.anthun@hallingnett.no
Frist innan 3. mai

Påskedag

Da sabbaten var over og det begynte å lysne den første dag i uken, gikk Maria Magdalena og den andre Maria for å se til graven. Med ett kom det et kraftig jordskjelv, for en Herrens engel steg ned fra himmelen, gikk fram og rullet steinen til side og satte seg på den. Han var som lynet å se til, og drakten var hvit som snø. Vaktene skalv av redsel da de så ham, og de ble liggende som døde. Men engelen tok til orde og sa til kvinnene: «Frykt ikke! Jeg vet at dere søker Jesus, den korsfestede. Han er ikke her, han er oppstått, slik som han sa. Kom og se stedet hvor han lå! (Matteus 28)

Bildet fra Gordons Golgata viser steinen som ikke lenger dekker inngangen til Jesu grav. Enda en gang feirer vi oppstandelsens dag. Enda en gang blir vi minnet om at Gud holder det han lover. På dette grunnlag bygger den kristne kirke hele sitt virke. Jesu oppstandelse kan ikke forklares. Men ofte er det i møte med det uforklarlige at mennesker kommer til tro.

Tekst og foto: Arne Jensen



Endrias Hidri, som har tegnet båten, tenner lys sammen med småsøsknene.

LYSTENNINGSPASS FOR BARN

Ved begravelsen etter Svein Helge Bekkestad ble det gitt en minnegave som skulle øremerkes trosopplæringsstiltak. For deler av gaven er det laget en lystenningsplass for barn. Denne har form som en båt, og ble tegnet av Endrias Hidri under en konkurranse på «Etter skoletid». Det er kunstneren Karl Plischewski, her på Ål, som har laget båten. I motivet ligger det fin symbolikk, ettersom det store rommet i kirken også kalles kirkeskipet. Et bilde på at kirken er på vei mot et mål, en havn som kalles himmel.

Tekst og foto: Arne Jensen